



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
07.11.2022	144162/2022	Lene Mordal, Hans Roger Tømmervold

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	31.01.2023

Innspel til strategiarbeid - ny politikk for kulturfrivilligheita og regionale kulturfond

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet viser til invitasjon til å kome med innspel til den komande strategien om kulturfrivilligheit og regionale kulturfond. I lys av at den nasjonale kunst- og kulturpolitikken er summen av statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk, oppmodar utvalet om at den komande strategien også synleggjer korleis kommunal sektor kan bidra til, prioritere og arbeide med kultur som samfunnsbyggjande kraft.
2. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til innspel slik det går fram av saksframlegget, og ber om at det blir sendt Kultur- og likestillingsdepartementet.

Bakgrunn

Kultur- og likestillingsdepartementet inviterer frivillige organisasjonar, kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar til å komme med [innspel til strategiarbeidet for ein ny politikk for kulturfrivilligheita og utgreiinga av regionale kulturfond](#). Frist for skriftlege innspel er 1. februar 2023.

Strategien vil omhandle verkemiddel og tiltak for ein nasjonal politikk for kulturfrivilligheit der både staten, fylkeskommunane og kommunane har viktige oppgåver og ansvar. Strategien skal vurdere dagens ordningar og tiltak som bidreg til å nå mål om deltaking for alle, likestilling og mangfald, og meir kunst- og kulturaktivitet lokalt og regionalt. Strategien skal legge til rette for samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen om moglegheiter og utfordringar feltet står overfor. Departementet ber om at innspel tek utgangspunkt i følgjande tema:

- *Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet*
- *Møteplassar og tilgang på egna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevingar*
- *Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen*
- *Offentlege tilskotsordningar og tiltak*

Regionale kulturfond

Regjeringa har satt i gang ei utgreiing av regionale kulturfond som skal stimulere til auka kunst- og kulturaktivitet lokalt. Målet er å styrke samspelet mellom profesjonelt og frivillig kulturliv, i tillegg til å forsterke lokal og regional kulturfrivilligheit. Regionale kulturfond skal vere eit supplement til Norsk kulturfond, som forvaltast av Norsk kulturråd og som har heile landet som verkeområde.

Departementet ber om innspel til utgreiinga av regionale kulturfond i tilknytning til strategiarbeidet.

Aktuelle spørsmål:

- *Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast for å supplere – og ikkje overlappe - ordningar som allereie finst?*
- *Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast på ein måte som minimerer dei administrative byrdene?*

Til grunn for vurderingane, ligg m.a. følgjande saker: Regionale utviklingsmidlar til kultur – etablering av fond (T-55/21), Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer (T-108/21) og Uttale – Innspel til etablering av regionale kulturfond (U-75/22).

Vurdering

Mål i kulturpolitikken er uttrykt i Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida. Her har både kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita fått status som sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet. Tilgjenge, deltaking og mangfald over heile landet, for alle, er viktige prinsipp som også samsvarar med måla i den komande strategien. Saman med etablering av regionale kulturfond kan strategien bli eit viktig verkemiddel for å prioritere og heve statusen på kunst og kultur som samfunnsbyggande kraft.

Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet

Departementet spør om kva som er dei største utfordringane for at fleire skal kunne delta i kulturfrivilligheita.

Undersøkingar viser at frivillig sektor i aukande grad er ein arena for dei ressurssterke, medan personar med låg inntekt, låg utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden oftare fell utanfor. Til dømes møter menneske med nedsett funksjonsevne framleis store hindringar for deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar. Fleire barn lever i låginntektsfamiliar. Det gir utfordringar knytt til mellom anna deltaking i aktivitetar og lokalmiljø. I eit slikt bilete er tiltak for å sikre tilgjenge, mangfald og informasjon sentrale nøkkelord for å fremme deltaking i og ei velfungerande kulturfrivilligheit.

“Alle” er eit uttrykk for heile befolkninga, og i tilgjenge for alle innbyggjarar er det særlege utfordringar innanfor:

- Fysisk tilgjenge, som t.d. eigna tilkomst til bygg og universell utforming i rom som varetek ulike behov. Det er også viktig at informasjonen om dette er tilstrekkeleg god, slik at brukarar kan orientere seg på førehand. Opplæring og sertifisering i Tilgjengelighetsmerket og Barrierefri fritid er konkrete tiltak som kan forbetre arrangørane sin kompetanse på området.
- Eit anna forhold som gjeld fysisk tilgjenge er transport til og frå kulturaktiviteten. Kollektivtilbodet er svært ulikt i landet, og det er behov for å sjå om ein kan få til meir fleksible tilbod. Tilskotsordningar for prøveprosjekt kan vere eit tiltak for å få fram gode døme og løysingar.
- Tilgjenge kan også ha med økonomisk kostnad å gjere, og vere ein barriere for å delta eller bidra i aktivitet. Differensierte priser og eit godt utval av utlånsentralar med utstyr kan gjere det lettare for barn og unge, eldre, personar med nedsett funksjonsevne, innvandrarar, andre med eit mindre økonomisk handlingsrom å delta.
- Tilgjenge forutset også informasjon om og oversikt over kulturaktivitetar, organisasjonar, kunst- og kulturarbeidarar. Undersøkingar viser at kommunar med ein kulturplan som forpliktar, lukkast betre i å prioritere kunst og kultur. Vi foreslår at kulturfeltet i kommunesektoren blir styrkt i lov og forskrift.

I Kulturalliansen sin [Tilstandsrapport 2022](#) blir det vist til norsk og internasjonal forskning sine funn av positive samanhengar mellom organisasjonsliv, livskvalitet og

helse. Mange studie har vist at personar som av ulike årsaker står utanfor arbeidslivet (som eldre, uføre eller arbeidsledige) kan ha særleg nytte av deltaking i frivilligheita. Den viktigaste forklaringa på dette er at frivillig arbeid kan fungere som eit substitutt for betalt arbeid når det gjeld å skape og oppretthalde sosiale relasjonar.

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt planverk er tufta på FN sine 17 berekraftsmål. Sentralt i planverket er den sosiale berekraftsdimensjon og berekraftsmål nr 17 – «Samarbeid om å nå måla». Andre store samfunnsinstitusjonar, som NAV og FHI, har som mål å hjelpe, opplyse, støtte, integrere, kartlegge og gi råd til styresmaktene. Deltaking i allmennkultur og idrett kan føre til betre tilpassing for den einskilde og i samfunnet, og kan også vere ein veg inn i arbeid og opplæring. NAV si rolle som sosial entreprenør, særleg på det lokale nivået, kan ha nytte av oversiktar og kjennskap til kultur -og aktivitetstilbod. Dei kan gi råd til menneske som fell utanfor eller står i fare for det, og oppmuntre til deltaking og innsats i kulturfrivilligheita. Det bør vurderast om NAV og forvaltninga på kulturområdet, gjennom sine samfunnsoppdrag, kan undersøke om eit samarbeid kan gi ei ønska positiv effekt til brukarar. FHI eller andre statlege, regionale eller kommunale helsetenester har eit potensiale for å samarbeid med og dra nytte av kunnskap om kultur og kulturfrivilligheit. Desse, og liknande institusjonar, har eit volum, infrastruktur, status og er til stade i og for heile landet innanfor det operative, forskning og utvikling.

Sjølv om frivilligheita er sterk og skal vere sjølvstendig og mangfaldig, er det ingen motsetnad i å samarbeide om felles overordna mål. Her kan dei komande regionale kulturfonda vere relevante. Gjennom felles mål om samarbeid kan styresmaktene i innretninga av fonda legge til rette for at siloar mellom samfunnsområde blir mindre og erstatta av innovasjon, forskning og utvikling.

Møteplassar og tilgang på egna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevingar

Departementet spør om kva som kjenneteiknar møteplassar der det er lagt til rette for læring og gode opplevingar.

Møteplassar er tilrettelagt når alle har moglegheit til å bruke dei, og når dei er tilpassa den aktiviteten som skal skje der. Det handlar om universell utforming, og om god tilgjenge. Det handlar om akustikk, storleik på og utforming av lokalet, og tilgang til lager for utstyr. I lokale for framføringar er i tillegg publikumsplassar og utforming, lydtilhøva og plasseringa av publikumsplassane viktig.

Fleire forhold påverkar tilgangen til eigna lokale og kulturarenaer. Lite kunnskap om kva lokale som er tilgjengeleg og eigna for kulturaktivitetar er ei sentral utfordring. Ei anna utfordring er at det er lite midlar tilgjengeleg for nybygg og til ombygging/rehabilitering av eksisterande arenaer. Dette er svært tydeleg når ein samanliknar dei to spelemidelfinansierte ordningane Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet og Tilskot til lokale kulturbygg. Ei tredje utfordring er at det er for lite kunnskap og medvit om kva som gjer eit lokale eigna til den aktiviteten som skal skje der. Ei siste utfordring er mangelfull planlegging for kulturaktivitet. Å gjere noko med desse utfordringane vil fort snu til å bli suksessfaktorar.

Eit døme på korleis ein kan lære meir av kvarandre, er å finne og styrke dei mange små og store nettverka og felles arenaene som blir arrangert, både av frivillige lag og organisasjonar og av aktørar i kommunal sektor. Å legge til rette for utveksling av erfaringar mellom kommunar og frivilligheita, og få behova fram i lyset kan gjere at fleire kan lære meir av kvarandre. På slike nettverksarenaer kan ein også få fram dei gode eksempla som andre kan lære av.

Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen

Departementet spør om erfaringar frå samarbeid og samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen.

I Møre og Romsdal er frivilligheita innanfor ytringskulturen mangfaldig og stor. Festivalar, spel, arrangørar, opera og teater mfl. er alle heilt avhengige av frivillige for gjennomføring av kulturaktivitetane. Nedanfor tre døme:

I fleire tilfelle opptrer profesjonelle og frivillige utøvarar saman på scena. Vår tilskotsordning "Arrangørtilskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar – Møremusikarordninga" er 30 år, og støttar for det meste arrangørar lokalt. Tiltak der amatørar og profesjonelle musikarar frå fylket opptrer saman har prioritet i ordninga. Tilbakemeldinga er at det er verdifullt å få inn profesjonelle krefter i eit prosjekt. Amatørane melder om inspirasjon, glede og kompetanseheving i samarbeidet og samspelet. Også for dei profesjonelle musikarane er dette positivt, då dei, som mange andre kollegaer i landet, også har ein samansett økonomi. Det er eit vilkår i ordninga at arrangørane må honorere etter bransjestandard.

Erfaringane er dei same hos dei historiske spela. Der er tidshorizonten og intensiteten ofte større: prøvetida er ofte lenger, og menneska blir enda meir samansveisa i produksjonen. Ein suksessfaktor her er at innleigde profesjonelle verkeleg forstår og har ein vilje til å involvere seg i fellesskapet i og utanfor prøvene. Dette kjem mellom anna godt fram i ein rapport frå 2022, frå oppsettinga av det nye historiske spelet "Spelet om Mardøla": *"Spelet har hatt ein profesjonell produksjon som har tilført stor kompetanse både til det lokale amatørteatermiljøet og til bygdene i form av at folk har blitt involvert i eit profesjonelt arrangement på eit så høgt nivå. Ved å engasjere lokalmiljøet både som aktørar og frivillig stab har vi lykkast med å skape lokalt eigarskap, lokal forankring, og ikkje minst stoltheit og engasjement. «Tenk at vi fekk til dette!» er omkvedet i bygda no." Under overskrifta "Rosinen i pølsa" blir felles middag for alle medverkande, 50-60 personar, i heile spelperioden framheva, og "...at dette var med på å gjere at vi vart ein stor samansveisa gjeng som verkeleg løfta i flokk, det er det ingen tvil om". Siste eksempel frå denne spelrapporten er eit avsnitt om bygdeutvikling, bulyst og samhald: "Vi ser at utviklinga av «Spelet om Mardøla» har vore eit viktig pilotprosjekt for lokal bygdeutvikling og regionalt samarbeid, og vi har hatt som eit delmål at arbeidet skal gi auka bulyst, samhald, engasjement og satsingsvilje i kommunen og i regionen. Dette meiner vi at vi har lykkast godt med." Det er ført oppmøtelister på alle øvingar for amatørane, og med kvar dugnadstime sett til 250 kroner, gir det ei samla verdi på dugnadsinnsatsen på 2,3 millionar kroner.»*

Eit anna døme frå Møre og Romsdal, er omlegginga av fylkesfestivalen Ung Kultur Møtes (UKM). Frå tradisjonelt å ha mykje søkjelys på karing og prestasjon, er det no etablert ei mentor-ordning med profesjonelle utøvarar. Desse blir leigd inn for å inspirere og rettleie ungdommane gjennom mange verkstader. Innhaldet i verkstadane er plukka ut av ungdommen sjølv, og legg til rette for at dei kan delta på andre kunst- og kulturuttrykk enn det den einskilde skal presentere på scena eller i ei utstilling. Det er også satsa sterkt på sosiale aktivitetar og trygge aktivitetar utan vaksen-styring. Tilbakemeldingane er gode, og mentor-delen er planlagt vidare.

Døma viser tiltak og vilkår som gir eit godt samspel mellom kulturfrivilligheita og den profesjonelle kulturen. Dette er også mogleg å overføre til andre delar enn den performative kunsten. Eit anna tiltak kan vere tilskotsordningar til samarbeid med andre delar av det profesjonelle kulturlivet. Til dømes honorar til innleige av utstyr, materiell, samt forhold som rører ved lokalar som leigekostnadar og marknadsføring av arrangement. Slike prosjekt kan kome både publikum og deltakarar til gode ved at lokale miljø får høgare kvalitet på konserten / visninga / kunsten, kompetanseheving, større nettverk. Profesjonelle kunstnarar / kulturarbeidarar med ein samansett økonomi får mindre av ikkje-kunstnarleg inntekt og fleire oppdrag som er relatert til sin profesjon.

Offentlege tilskotsordningar og tiltak

Departementet spør om korleis verkemiddel og tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå kan innrettast for å bli betre.

Ein viktig føresetnad for å kunne gjere det, er ein betre og meir likeverdig dialog mellom forvaltingsnivåa om utforming og gjennomføring av langsiktige kulturpolitiske mål. Den regionale planlegginga er eit sentralt verktøy for å samordne, mobilisere og sette strategisk retning for den vidare utviklinga av fagfeltet i den enkelte region. Meir statleg og kommunal deltaking i regional planlegging, kan styrke dialogen mellom forvaltingsnivåa, samordne offentleg verkemiddelbruk og tydeleggjere rolle og ansvar mellom forvaltingsnivåa. Systematisk årleg dialog, samarbeidsavtalar og utvikling av fellesløysingar for fagområdet, kan også vere tiltak for å legge til rette for og utvikle ordningar i samsvar med regionale og lokale behov.

Departementet bør i den nye strategien definere kva dei legg i kulturfrivilligheita, og gir døme. Dette fordi kultur som omgrep ofte er nytta i langt breiare forstand i kommunar og fylkeskommunar enn det som ligg som politikkområde til KUD.

Departementet bør arbeide for å styrke ramma til den spelemiddelfinanserte ordninga Tilskot til lokale kulturbygg. Det er store skilnader mellom delen spelemidlar som går til idrettsanlegg i kommunane og til kulturbygg. Det betyr at breiddeidretten og -kulturen har svært ulike rammevilkår. Vi viser til tidlegare uttale frå fylkeskommunen, sendt KUD våren 2022, om å sjå nærmare på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt. Det kan vere med på å gi kulturfrivilligheita meir likeverdige rammevilkår med idretten.

Samanlikna med idretten er kulturfrivilligheita fragmentert. Det er behov for å styrke det frivillige, organiserte kulturlivet sin posisjon og rammevilkår i samfunnet. Å støtte opp om og/eller stimulere til strukturelle grep og endringar i det organiserte frivillige kulturlivet, er eit mogleg tiltak som kan bidra til å styrke kulturfrivilligheita. Dette kan t.d. skje ved at regionale musikkråd i ein prosjektperiode tek ei rolle og ein posisjon ut over sitt kjerneområde.

Regionale kulturfond

Det blir vist til at regjeringa har satt i gang ei utgreiing av regionale kulturfond som skal stimulere til auka kunst- og kulturaktivitet lokalt. Møre og Romsdal fylkeskommune har ved to tidlegare høve uttalt seg om etablering av regionale kulturfond. Vi viser til uttalar sendt KUD i 2021 og 2022.

Departementet spør korleis eit regionalt kulturfond kan innrettast for å supplere – og ikkje overlape - ordningar som allereie finst.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at det no blir arbeid med å etablere regionale kulturfond. Om innretting av fondet er hovudbodskapen frå fylkeskommunen at det er behov for meir langsiktige midlar til utvikling og aktivitet på heile kunst- og kulturfeltet.

Eit regionalt kulturfond kan ikkje vere avgrensa til auka aktivitet og samhandling mellom profesjonelle og frivillige aktørar i kultursektoren. I løpet av dei siste åra er føresetnadane for det lokale og regionale kulturlivet markant endra. Pandemi, saman med store internasjonale kriser og megatrender som demografiske endringar og digitalisering, sett nye rammevilkår også for kulturlivet. Vi ser det i nye former for kulturuttrykk og kulturaktivitet, endra arenabehov og nye forretningsmodellar. Eit regionalt kulturfond bør derfor kunne nyttast både til å stimulerer til aktivitet og til å få fram betre/meir kunnskap om, innovasjon i og utvikling av kulturlivet. Skal regionale kulturfond bidra til å gjennomføre nasjonal kulturpolitikk, i eit regionalt og lokalt bilete, krev det rom for fleksibilitet og regionale tilpassingar av fondet. Slik kan ein sikre at regionale kulturfond blir eit supplement til allereie eksisterande ordningar.

Departementet spør korleis eit regional kulturfond kan innrettast for å redusere dei administrative byrdene. Møre og Romsdal fylkeskommune har vist til Regionale forskingsfond som ein mal for god, effektiv og fleksibel forvaltning av fondet. Vi meiner bruk av eksisterande fylkeskommunal kompetanse og kapasitet, vil bidra til berekraftig ressursbruk, forvaltning og drift av regionale kulturfond.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør